

## ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2021.

Årsmøtet 2021 vart halde digitalt 20.4 til 29.4.21

På grunn av covid19 vart årsmøtet avvikla digitalt etter å ha vore utsett 2 gongar. Den spesielle situasjonen gjorde at vi ikkje hadde noko annan mulighet for å få det gjennomført. 23 medlemmer deltok.

Valet på årsmøtet ga følgjande styre:

May Britt Johnsen Vikestrand	styremedlem	2 år
Jan Erik Bjørshol	styremedlem	1 år
Gunnar Frøyen	styremedlem	1 år
Kolbjørn Magne Stokke	styremedlem	1 år

John Strøm	varamedlem	1 år
Bente Saxon	varamedlem	1 år
Eli Karin Walle	varamedlem	1 år

Steinar Furnes	revisor	1 år
----------------	---------	------

Det vart ikkje valt leiar for 2021 på årsmøtet, men May Britt J. Vikestrand har stått som kontaktperson.

### Konstituering

Styret vart konstituert på styremøte den 9.6.21. Det var ikkje mogleg å finne ny leiar og May Britt sa seg villig til å fortsette som kontaktperson.

Jan Erik Bjørshol held fram som kasserar og Eli Karin Walle vart sekretær.

På styremøte den 9.11.21 orienterte May Britt om det arbeidet ho gjer som kontaktperson og sa seg villig til å ta på seg leiarvervet fram til årsmøtet i 2022.

### Medlemstalet.

Pr 31.12.2021 hadde Møre og Romsdal Parkinsonforening 401 medlemmar fordelt på dei 3 lokalforeiningane. Dette er nedgang i medlemstalet frå tidlegare år.

### AKTIVITET:

Det vart i 2021 halde 2 styremøte.

Aktiviteten i både fylkesforeininga og lokalforeiningane var også i 2021 prega av pandemien vi hadde frå medio mars 2020. Mange planlagde aktivitetar har vore sett på vent i håp om at ting ville roe seg.

For fylkesforeininga førte det til at årsmøtet ikkje kunne avviklast som planlagt. Utifrå smitterisiko og råd frå kommuneoverlegen i Ålesund vart det utsett 2 gongar, for så å verte avlyst.

Parkinsonkurset for nydiagnostiserte som skulle arrangerast i Ålesund hausten 2020 vart avlyst. Det vert planlagt nytt kurs hausten 2021. Dette kurset er no sett opp i mars/april 2022.

Vi hadde som mål å få til ei samling for likepersonane på Helgesamling i 2021. Vi prøver å få dette til i Helgesamlinga 29.4-1.5.22 i Ålesund.

### **Hør på meg.**

Det har ikkje vore mogleg å finne ny redaktør til medlemsbladet, noko som har vore ei stor belastning for leiar gjennom heile året. Takka vere hjelp frå Kristian Elgsaas vart det gitt ut 3 blad i 2021.

### **MÅLOPPNÅING:**

#### **Opplysnings- og informasjonsarbeid:**

- Hør på meg har kome ut med 3 nummer i 2021.
- Kontakt med FFO. Deltok på arrangement i FFO sin regi som er aktuelle for oss.
- Aktivt jobba for eit kurs for nydiagnostiserte i Ålesund
- May Britt Vikestrand og Kari Steinsvik var aktivt med i planlegging av kurs for nydiagnostiserte og kurs for dei med Parkinson meir enn 5 år i Molde. Utsett til haust 2022.

#### **Påvirkningsarbeid:**

- Sendt brev til Volda kommune ang prosjektet "Rehabilitering med brukaren i sentrum"
- Etterspurt informasjon frå nevrolog til nydiagnostiserte.

#### **Representasjon/deltaking på samlingar:**

Koronapandemien sette ein stoppar for det meste av møteverksemd i 2021. Svært mykje vart arrangert digitalt.

- NPF har gjennomført digitale møte på Teams. Leiar og medlemmer av styret i MRPF har delteke.
- Gunnar Frøyen er saman med Tore Tokle brukarrepresentant når det gjeld Parkinson Net.
- Leiarssamling NPF på Gardermoen 13 – 14 november. Gunnar Frøyen deltok frå MRPF, Kari Steinsvik frå SPF.

### **ØKONOMI:**

Likviditeten til MRPF er god sjølv om koronapandemien har hatt innverknad på både inntekter og utgifter også i 2021.

Vi fekk tildelt midlar frå Helse-Midt i 2020. 50 000 kr er søkt overført til 2022. Dette er øyremerkte midlar som det skal førast eige rekneskap for.

***Rekneskapet vert lagt fram på Årsmøtet.***

Volda 31.01.2022

Styret